

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
06/02749	14
- 2 AUG 2011	
963 410743	905

## VEDTEKTER FOR STIFTINGA SOGN OG FJORDANE NÆRINGSRÅDGIVING

I tillegg gjeld lov om stiftelser av 15.6.01, nr 59. Dersom der er motstrid mellom vedtektene og lova, går lova føre.

### § 1 Oppretting

Stiftinga er ei næringsdrivande stifting.

Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Stiftinga sitt firma skal vere Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling og skal ha sitt forretningssete i Førde kommune.

### § 2 Føremål, drift m.v.

Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i Sogn og Fjordane fylke.

### § 3 Grunnkapital

Stiftinga har ein grunnkapital på kr 200.000.

### § 4 Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

### Valperiode, valrett

Styret vert vald for ein periode på 4 år. Valperioden følgjer den kommunale valperioden.

Valretten ligg til hovudutval for plan og næring i fylkeskommunen.

### Samansetnad

Styret har tre medlemmer.

Styret skal vere samansett slik:

- 1 medlem frå hovudutval for plan og næring
- 1 medlem som representerer næringslivet i fylket
- 1 medlem som representerer arbeidstakersida

REG STREPT / STIFTELSEREGISTERET	
SÅKSIF 06/02749	BOKIF 14
- 2 AUG 2011 -	
OPPLØS 963410743	ROS

Hovudutvalet vel leiar og nestleiar.

Dagleg leiar har møte- og talerett i styret.

### Oppgaver

Styret har følgjande hovudoppgaver:

- Å ivareta ansvaret for drifta av stiftinga.
- Å ivareta dei oppgaver som er tillagt styret i lov om stiftingar.
- Å utarbeide godkjent årsmelding, årsrekneskap og å foreta årsoppgjret.
- Å tilsetje dagleg leiar, forretningsfører eller andre arbeidstakarar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår for desse.
- Å fastsetje møte-, reise- og opphaldsgodtgjersle for styremedlemene m.v.
- Å handsame vedtektsendingar og spørsmål om oppløysing av stiftinga (omdanning).
- Å velje revisor

### Styremøta

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet, jfr likevel stiftingslova § 31.
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemmer krev det.
- Styret kan gjere vedtak når minst to medlemmer, inklusive styreleiar eller nestleiar, er tilstades.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikkskap gjeld det som styreleiar har røysta for, jfr likevel stiftingslova § 33, 2. ledd.
- Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle dei styremedlemene som deltok i styremøtet.

### § 5 Revisjon, rekneskap, kontroll m.v.

Revisor vert vald av styret.

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKSIF 06/02749	DOK 14
- 2 AUG 2011	
ORGANIS 963410743	ROS

Stiftinga har rekneskapsplikt etter lov om rekneskap.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast Rekneskapsregisteret seinast ein måned etter fastsetjing av årsrekneskapen, jfr rekneskapslova § 8-2.

### § 6 Dagleg leiing

Den daglege leiinga av stiftinga si verksemd skal ivaretakast av ein dagleg leiar. Denne kan vere t.d. ein eigen direktør, styreleiar, forretningsfører eller andre innleigde personar.

Dagleg leiar har ansvaret for at verksemda vert driven i samsvar med vedtektene og styret sine vedtak.

Dagleg leiar førebur saker for styret og syter for at det vert ført møtebok frå styremøta.

Styret kan fastsetje instruks for dagleg leiar.

### § 7 Representasjon utad

Styret representerer stiftinga utad. Styret kan gi styremedlemmer eller dagleg leiar rett til å representere stiftinga utad i samsvar med stiftingslova § 38.

### § 8 Omdanning

#### 1. Vedtektsendring

Styret vedtar endringar i vedtektene. Fylkesutvalet er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga.

#### 2. Opplysning m.v.

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fisjonere stiftinga. Fylkesutvalet er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon..

#### 3. Godkjenning av Stiftingstilsynet

Vedtektsendring, oppløysing eller anna omdanning skal godkjennast av Stiftingstilsynet som har omdanningsmynda.

Førde 16/6-08  
Edel Inge Hillestad  
Styreleiar

John-Einar Hillebrand  
Styremedl.

Margrete Nordbø  
Styremedl.

